

# NATUR- KRISE = KULTUR- KRISE

KONFERANSE OM NATUR I ENDRING

MAIHAUGEN  
LILLEHAMMER

MÅNDAG

28. OKTOBER

TYSDAG

29. OKTOBER





FOTO: TONE IREN EGGEN/TOMTE/MAIA AUGEN



## **Verda er ramma av krig og naturkrise. Her heime er presset på naturen større enn nokon gong. Korleis påverkar dei dramatiske hendingane i verda vår eigen kvardag? Korleis kan vi sikre ei berekraftig framtid for eigen natur og kultur?**

Fjellet og utmarka er viktige ressursar for dei som driv skogbruk, kjøt- og mjølkeproduksjon. For hyttefolk og andre er naturen også til glede og inspirasjon. I naturen møtest menneske med ulike interesser og behov. Av slikt oppstår motsetningar, men også dialog og nye moglegheiter. Stadig fleire kjempar om tilgangen til naturressursane. Men er det plass til alle?

Med ei global klimakrise og krigar i Europa og Midtausten blir spørsmål om sjølvforsyning og bevaring av matjord og kulturminne viktige spørsmål også her heime. Korleis påverkar dei dramatiske hendingane i verda vår eigen kvardag? Kva kan bygda lære av dei store krisene? Korleis kan vi sikre natur- og kulturressursane best for framtida?

I museumsprosjektet «Eit skigardsdøle – frå stølskultur til hytteindustri» undersøker musea i Innlandet ulike forvalningspraksisar i sterkt utbygde støls- og utmarksområde. På årets konferanse spør vi korleis vi alle kan bidra til ei berekraftig framtid med fokus på samarbeid og inkludering og langsiktig forvalting av naturressursane.

Vi ser også utviklinga i lys av erfaringane frå Lake District i England. Her har ein drive turisme sidan 1700-talet. Sameksistensen har skapt spenning og konflikt mellom ulike miljø og interessentar, men også vekst, verdiskaping og ei ny framtid for bygda.

MÅNDAG  
28. OKTOBER

## TEMA 1: **KVINNER, MAT OG INNOVASJON**

Ø1, mat og mingling på Kjøpstaden

**19.00–22.00**

**Samtale med:**

**Anette Svastuen** frå Sel er gardbrukar og turistvert, kjøttprodusent og dagleg leiar i Gudbrandsdalsmat. Anette i arbeidsgruppa i Matfylket Innlandet.

**Heidi Bjerkan**, kokk og driver av Michelin-restauranten Credo i Oslo. Årets kjøkkensjef i 2015, Ingridprisen og Matprisen i 2017, og Kokkenes Kokk i 2019. Ambassadør for Bocuse d'Or.

**Kathrine Kinn**, sosiolog, forfattar og bonde på eit småbruk i Telemark. Tidlegare nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag fra 2018 til 2020.

**Underhaldning:**

**Synnøve Brøndbo Plassen** kjem frå Folldal og er ei av dei mest ettertrakta unge folkemusikarane i Noreg. Folkelarmprisen i 2022, vinnar av landskappleiken i 2023, nominert til Spellemannsprisen i 2024.



Anette Svastuen



Heidi Bjerkan



Kathrine Kinn



Synnøve B Plassen

TYSDAG  
29. OKTOBER

## TEMA 2: MATBEREDSKAP OG SJØLVFORSYNING

Seminar på Maihaugen

**09.00–09.55**

**James Rebanks**, sauebonde og bestseljande forfattar frå Lake District i England. Rebanks kritiserer industrialiseringa av jordbruksystemet og framsnakkar ein økologisk og tradisjonell tilnærming til matproduksjon. Rebanks er seminarets hovudtalar.

**10.00–10.30**

**Anders Nordstad**, siviløkonom, bloggar og vaktbikkje. På Anders Nordstad Blogg (50 000 følgjarar) framsnakker han eit småskala familielandbruk, og kritiserer utviklinga med stordrift, kommersialisering og eigne merkevarer (EMV).

**10.30–11.00**

**Pål Talmo**, forsvarskoordinator mellom Trøndelag fylkeskommune, Ørlandet kommune og Forsvaret ved Ørlandet flystasjon, er oppteken av mat som beredskap. I ulike situasjoner, og særleg i ei tid med krig og politisk uro, er det viktig at vi som samfunn greier å forsyne oss sjølve med mat. Talmo snakkar om lokalmat som verdiskapar, kulturberar og beredskap.

11.00–11.30 PAUSE



Anders Nordstad



Pål Talmo



James Rebanks

TYSDAG  
29. OKTOBER

## TEMA 3: ER DET PLASS TIL ALLE?

Samtale om reiseliv og allemannsrett

**11.30–12.00**

**Kjersti Bjørnstad** (SP) er statssekretær i Klima- og miljødepartementet og tidlegare fylkespolitikar i Oppland og Innlandet. Bjørnstad vil snakke om reiselivet som eit demokratisk gode og som støtte til ei berekraftig og framtidsretta lokalsamfunnsutvikling.

**12.00–12.30**

Vandring i naturen er godt for folkehelsa, men auka trafikk kan utgjere eit trugsmål mot naturen og dyra. Er det på tide å begrense allemannsretten? Innlegg ved **Ingunn Elise Myklebust**, professor ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen.

12.30–13.30 LØNSJ



Kjersti Bjørnstad



Ingunn Elise Myklebust

TYSDAG  
29. OKTOBER



Linda Veiby



Hanne  
Fjærdingby Olsene



Nils Petter  
Faarlund

## TEMA 4:

### EI FRAMTID FOR NATUR- OG KULTURARVEN?

#### 14.00–14.30

Kulturminne er mål i krig og konflikt. For menneske på flukt kan tap av kulturarv kjennest som ei tilleggsbelastning. I lys av dei globale kulturminnetapa, kva blir strategien for å sikre og styrke vernet av vår eigen kulturarv? Innlegg ved **Linda Veiby**, konstituert avdelingsdirektør i Riksantikvaren med ansvar for beredskap, landskap og klima.

#### 14.30–15.00

Landbruksindustrien veks, men småbruka blir lagt ned og utmarka gror att. Korleis skal vi få til ei realistisk omstilling til beste for naturressursane, dyra, menneska og maten? Innlegg ved **Hanne Fjærdingby Olsene**, førsteamanuensis ved fakultetet for biovitskap ved Norges miljø- og biovitskaplege universitet, og leiar for NMBU berekraftsarena – Sustainable Food Systems.

#### 15.00–15.30

Jorda skal mette 8 milliardar menneske. Saman med dei landlevande domesiserte pattedyra utgjer menneska 96 % av den globale biomas-sen pattedyr. Det gir ikkje mykje plass til dei ville dyra og den urorte naturen. Kva blir framtida for naturarven når stadig nye areal skal brukast til å brødfø oss menneska? Innlegg ved **Nils Petter Faarlund**, tindevegledar og amanuensis i friluftsliv.

15.30–16.00 PAUSE

#### 16.00–17.00

##### Panelsamtale

Verda er ramma av krig og naturkrise. Korleis påverkar dei dramatiske hendingane i verda vår eigen kvardag? Korleis kan vi sikre ei berekraftig framtid for eigen natur og kultur? Deltakarar i samtalene er:

- Statssekretær **Kjersti Bjørnstad**
- Forfattar og bonde **James Rebanks**
- Avdelingsdirektør **Linda Veiby**

## **PÅMELDING, PRIS, OVERNATTING**

STAD: Maihaugen, Lillehammer

TID: Måndag 28.–tysdag 29. oktober 2024

MÅLGRUPPE: Alle med interesse for utviklinga i fjellet og utmarka

PRIS: Kr 800 (inkl. lønsj)

PÅMELDING MÅNDAG OG TYSDAG: [museumsbillett.no/museum/1/produkt/1117](https://museumsbillett.no/museum/1/produkt/1117)

PÅMELDING MÅNDAG: [museumsbillett.no/no/museum/1/produkt/1144](https://museumsbillett.no/no/museum/1/produkt/1144)

PÅMELDINGSFRIST: 11. oktober

KONFERANSEHOTELL: Scandic Lillehammer Hotel.

Bestill her eller ring 61 28 60 00. Referansekode BSTI281024

ARRANGØR: Maihaugen, Valdresmusea, Randsfjordmuseet,

Gudbrandsdalsmusea og Anno Museum

Konferansen er del av museumsprogrammet «Eit skigardsdele».

Programmet har støtte frå Kulturdirektoratet.

